

Asbjørn Aaviks møte med misjonær Marie Monsen

Første møtet med Marie Monsen

I boka *Aks i modning* har Asbjørn Aavik skrive om vekkinga ved Marie Monsen, og om kva møtet med denne kvinnen og den vekkinga, som fylgde henne, fekk å seie for han. Eg siterer her ei skildring av Aavik frå fyrste gong han møtte henne og høyrd henne forkynne.

Hun la først et par hjemmestrikkede norske ullvotter på prekestolen. Oppå dem igjen Bibelen. Det vil si øvre delen. På den måten ble det en liten skråning. Lettere å lese. Passet bedre for øynene slik. Prekestolen var nemlig rett og flat som en benk til et minikjøkken. Bibelen var stor. Velbrukt. Alt gullsnitt slitt bort. Permenes skinn brukket og bøyd etter mange ganger pakket ned og like mange ganger opp av en reisekasse eller koffert. Men bladene i boken var av godt papir. De klare kinesiske tegn sto fremdeles der i snorrette rader ovenfra og nedover. Rekkene skulle leses fra høyre mot venstre.

Men boken blir liggende der oppslått – støttet opp av to norske ullvotter. For kvinnen blir stående der bak boken helt urørlig et helt minutt. Kanskje mer enn det. Blikket glir ut over den store forsamling – full kirke. Nedad den ene siden med benkerader. Det er som tar hun tid til å fange inn hver eneste person.

Gjennom disse lange sekunder blir det helt stille i en tettpakket forsamling. Dødsens stille. En stillhet du ellers aldri opplevde i et land hvor dag og kveld er larm.

I denne stillhet begynner så kvinnen å be. Og kvinnen er misjonær Marie Monsen. Bønnen er kort – meget kort. Et nødrop opp til tronen om lys og veiledning fra helligdommen – om Den Hellige Ånds sterke nærvær.

Etter det leter hun seg fram til sin tekst. Finner den et sted langt fremme i den tykke bok. – Det første bud... Og så videre hva Jehova sier til sitt folk Israel om dette første bud han nå gir dem.

Dette var første gang jeg møtte denne norske misjonæren, Marie Monsen. Første gang jeg hørte henne. Og det var ved inngangen til min første arbeidstermin i det gamle Kina – i de første år etter 1930.

Aavik fortel at det var sendt brev rundt til alle misjonsstasjonane på sørfeltet (i provinsen Hubei) at nå skulle Marie, dei brukte ofte berre førenamnet på henne skulle kome. Det var planlagt ei heil møteveke i den største kyrkja på sørfeltet. Aavik nemner korkje namnet på byen eller kyrkja. Men så langt eg kan skjøne, må det ha vore kyrkja på Liangigai misjonsstasjonen i Laohekou (Laohokow). Dette var hovudsenteret for Kinamisjonsforbundet sitt arbeid i Kina, og her meiner eg også at presbyteriesenteret og seinare synodesenteret var.

Aavik var på denne tida stasjonert i Yünyang. Han fortel at dei var 8 – 10 medarbeidarar – eit evangelistteam – som reiste saman på båt nedover Hanelva til Laohekou, ein båttur som tok tre fire dagar. Møteveka ved Marie Monsen skulle ikkje vere ei veke spesielt sikta inn mot dei vantruande, men det skulle vere ei veke for dei truande, for misjonærar, nasjonale forstandarar, evangelistar, lærarar, eldste og andre som tente i forsamlingane Kinamisjonsforbundet hadde grunnlagt. Det var altså ei forsamling av slike folk Marie stod framfor då ho preikte om ikkje å ha andre gudar enn Herren. Aavik sjølv referer frå talen slik han opplevde den. Han skildrar også verknaden talen hadde på han og fleire medarbeidarar. Eg siterer det han skriv:

— Fremmede guder...

Var ikke det en underlig og fremmed tekst for troende – for arbeidere rundt om i menighetene – for misjonærmedarbeidere? Men stillheten som la seg over forsamlingen ved åpningsbønnen ble der gjennom hele møtet. Marie prekte den formiddagen en time og et kvarter. Og Den Hellige Ånd fant den hverdag ved Ordet gjennom disse fem kvarter frem mange ”fremmede guder” hos oss alle. Noe var kommet inn i våre liv ved siden av Jehova. Små ting som etter hvert ble mange, som vokste, utvidet seg og tok opp den plassen Jesus alene skulle ha.

— Du skal ikke ha andre guder foruten meg. (2. Mosebok 20, 3) Det ble en hjertenes husalterranskelse for mange den formiddagen. I en Asiaverden sniker så mange fremmede guder seg inn og tar plass på vårt alter. Og Marie nevnte dem alle ved navn – med en tenkepause mellom hver av dem. En hel benkerad kunne under denne kvinnens sterke ord bøye seg fremover i sine tykke vinterplagg. Ordet fra Guds munn fant oss alle hjemme.

Mens vi synger sangen etter talen, går Marie ned til døra. Venter. Det er bare denne ene utgang. Ikke særlig bred heller. Ved sommerstid kan to gå sammen ut ved siden av hverandre. Nå ved vinterstid kun en av gangen. Vide ermer slår ofte bort i karmene. Og Marie stopper hver eneste en der nede. Ser oss like inn i øynene, og så et spørsmål til hjertets innerste skjulte verden, inn til alteret med de fremmede guder. Det tar tid, men vi er i Asia, hvor ingen har armbånds sur eller skal rekke et forstadstog eller en buss. Mange hjerter hamret nok der ned midtgangen mot en utgang i angst for ”dørtimen” etter prekelengden, slik man sa der ute i vakkelsesårene.

— Men var det ikke råd å slippe unna?

— Jo, jeg så noen unge evangelister slå opp et vindu, skyve en benk bortil og hoppe ut. Til min sorg så jeg at to av mine unge medarbeidere berget seg ut den veien.

— Men, sier du, kan hende var det for å komme fortære til et måltid etter frisk luft.

Mine to kjære medarbeidere kom senere i uken inn i stor syndenød, ve og smerte. Men fikk også gjøre opp med både Gud og mennesker. Sammen med mange, mange andre kom de inn i Guds lys og fikk hjertealtrene ryddet. I et senere møte stod de begge frem og vitnet at det var av frykt for å møte forkynneren der i dørkarmen at de hoppet ut av vinduet.

— Men jeg greidde ikke å hoppe ut og bort fra Den Hellige Ånd, husker jeg en av de unge sa.

Omsider nådde også Asbjørn Aavik fram til døra der Marie stod. Me vil kanskje seie at det var litt av ein kalddusj han fekk fyrste gongen han helsa på henne. Asbjørn ynskte henne velkommen til feltet. Om Marie sin reaksjon på velkomsthelsinga hans skriv Aavik:

Så ser Marie like på meg mens køen bak meg venter:

— Er dette stedet, er dette timen å ønske noen velkommen...

Hun sa det i det norske språk, sa det med sorg i blikket og alvor i røsten. Med nød sa hun det. Som ville hun sagt: — Har du vært i nød for denne møteuke, i bønn, i angstrop opp til Gud om seier...

Slagen og bunnulykkelig gikk jeg gjennom de larmende gatene til en annen av våre misjonsstasjoner i byen – til det lille rommet jeg der hadde. Hele veien sa mitt blødende hjerte:

— Marie har rett. Du kom ned til disse møtene uten å kjenne det minste til ”byrden” for så alvorlige samvær. Du er ikke kommet inn i bønnenød og veer. Du er kommet hit slik ung, kald og likegyldig.

Vel inne på rommet mitt, ble en dør låst i. En ung misjonær i sin første periode gikk inn foran Jesu Kristi offeralter med sin nød og hjertets kulde. Ingen byrde for landet jeg var kommet til. Ingen kraft i budskapet. Granitten like hard. Pergament ville ikke revne og gli vekk for et syn av den korsfestede... Kunne du Jesus åpne en vei for meg tilbake igjen til Norge. Jeg har jo et vitnesbyrd fra lærerskolen. En skolepost skulle jeg vel kunne finne der hjemme...

Mat og annet ble visst glemt den dagen.

Var det Mesteren fra pottemakerens hus som hadde tatt opp leret... tok til å forme og danne. Var det dette: Han måtte først gjøre noe med meg før han kunne gjøre noe ved meg.

Marie Monsen tok for seg bodord etter bodord utetter i møteveka. Og syndserkjenningsa og syndsbekjenningsa vart stor mellom dei som hørde henne. Aavik skriv at ”dette var det første pust av vekkelse jeg kom inn i. Sammen med mine kinesiske brødre og søstre lå jeg der i støvet med min synd og min kulde, min likegyldighet og det harde hjertet. Alle bad og ropte til Gud høyt samtidig. Også det jeg da for første gang. Hele kirkerommet var som et nødskor fra dem som knelte og dem som fortsatt var i benkene.”

Denne møteveka ved Marie Monsen vart forlenga med ei veke til. Då ”bladde hun forbi alle lovens ord i sin store bibel”, skriv Aavik. Nå forkynte ho evangeliet til frelse og fred. Og ifylgje Aavik vart Marie si forkynning til fornying for mange. Det merktest då dei kom tilbake til dei lokale forsamlingane.

Vekkingstid i Kina

Det gode forholdet mellom dei kinesiske kyrkjeleiarane og misjonærane som vaks fram på 1930-talet, hadde ikkje minst samanheng med vekkinga som gjekk over forsamlingane i Hubei og Henan frå 1931 og vidare frametter på 1930-talet. Hos mange av dei kristne var det ein lengt etter vekking og fornying i arbeidet. ”Stormen” i 1927 mot utlendingane og dei kristne, sette djupe spor hos folk generelt og spesielt mellom dei kristne. Trengslene, vonbrota og omveltingane tyktest å ha vore med på å leggje til rette for at Guds røyst kunne bli hørt. Nokre av misjonærane trudde at det ville kome ei folkevekking etter stormen i 1927. Så skjedde ikkje. I staden vart det ei vekking mellom dei som vedkjente kristentrua.

To namn står sentralt i denne vekkinga: Misjonær Marie Monsen og forstandar Liu Dao-seng. Marie Monsen var mellom dei som måtte forlate sine arbeidsplassar og reise ut til kysten. Det var ho eigentleg imot, men ho som dei andre måtte fylgje dei ordrar som vart gjevne. Då ho var komen til Shanghai, var ho for så vidt fri til å gjere det ho ville. Ho hadde då i mange år ikkje teke imot løn av Kinamisjonsforbundet. Sjølv meinte ho at Gud nå kalte henne til å reise nordover, til Mandsuria. Seinare drog ho til provinsane Jilin, Shandong og Shanxi. På desse stadane førte verksemda hennar til ei fornying av kyrkjelydane. Mange av misjonærane som tilhørde Kinamisjonsforbundet bar på eit sterkt ynskje om at Marie Monsen måtte kome attende til hennar gamle misjonsfelt. Og i november 1931 kom ho.

I midten av november var ho med på årsmøtet i Zhenping. Ein som var til stades på møtet fortel:

Den første teksten hun brukte var fra Joh 3: ”I må fødes på ny” Storparten av talen bestod av korte spørsmål, fremsatt med hellig, gjennomtrengende alvor. Hvorfor er du

en kristen? Er det ikke for at du vil til himmelen? Hva sier Jesus her? ”Uten at I blir født på ny, kan I ikke se Guds rike.” ”Dere kan ikke! Dere kan ikke!” Disse ord sank som bly i hjertene (Sitat frå Tiltnes).

Marie Monsen må ha vore ein utprega botsforkynnare. Ho talte konkret om synda. Nokre tykte nok at ho rota vel mykje i folk sine synder. Men Tiltnes skriv at ”hun var alltid påpasselig til å hindre sterke følelsesutbrudd eller offentlig bekjennelse. Alt gikk stille for seg.” Men under innhaustinga som kom då ho var reist heim i 1932, sette syndenauda og sterke kjensleutbrot si preg på vekkinga. Tiltnes skriv at ”sterke følelsesutbrudd med gråt og klage var ikke sjeldne. Der kunne de ligge i lokalet etter møtet i rekke og rad og rope til Gud under tårer. Man taler stundom om fuktighet eller dammer på golvet etter tårer, men det var bokstavelig talt sant så mangen ganger i de dager.”

Også Liu Dao-seng stod sentralt i denne vekkinga. Han opplevde sjølv ei fornying og ivra for at folk måtte verte frelse og løyste frå sine synder. Liu var Marie Monsen sin medhjelpar den tida ho var på Kinamisjonsforbundet sitt felt. Fredrik Knudsen, som reiste til Kina i 1920, fortel i eit intervju som snaut er blitt offentleggjort at Liu var ein gåverik vekkingsforkynnare. Knudsen skriv mellom anna:

Jeg kan aldri glemme hans vekkelsesmøter. Det var tonen om synd og nåde, som var det sentrale i hans forkynnelse. Jeg husker en gang under en vekkelse i Lushan at han talte om synd, så tilhørerne satt naglet. Med ett roper han ut det ene ordet synd, så det gikk som et sjokk gjennom den store forsamlingen. I neste øyeblikk slår han nådens dør på vid vegg til frelse og befrielse for syndbetynde sjeler.

Gud fikk bevare ham i nåden og tjenesten til han i høy alder fikk hjemlov.

Nokre av misjonærane var noko skeptiske til Marie Monsen si vekkingsforkynning. Dei tykte nok forkynninga vart noko einsidig. Misjonær Hjalmar Mjelvæ som arbeidde i Nanyang så lenge han var i Kina, skriv i brev til Hope i 1931:

Andre nyttårsdag kommer frk. Monsen for å ha en del møter. Hun er svær til å rote opp i folks synd og elendighet, hører jeg at man forteller. Om hun makter så godt den andre siden, å vise hen til frelsen, vet jeg ikke. Før syntes jeg at det manglet noe på dette området i hennes forkynnelse. De kristne her setter ganske store forhåpninger til de kommende dagers møter.

Verknader av vekkinga

Arne Tiltnes gjer ei interessant samanlikning mellom norsk kristendomsform og kinesisk folkelynne og skriv:

Meget her kom klarere fram på noen måneder nå enn i de rolige år foran. Det ble norsk, luthersk, haugiansk vekkelseskristendom i kinesisk drakt. Drakten ble virkelig kinesisk, mer kinesisk nå enn noen gang før. For nå brøt livet veldig fram på heimleg grunn. Det kunne merkes på prekemåten og på omvendelseshistoriene. Det kom fram i ord og uttrykk, i nye termer og nye former.

Og så nemner Tiltnes at ordet ”pu-dao” som eigentleg tyder å falle om, i kristeleg språkbruk kom til stå for ei full og heil overgjeving til Gud.

Frå historia veit me at ei vekking fort kan ta ei retning ein ikkje ynskjer, ja jamvel skeie ut. Det skjedde i følge Arne Tiltnes også i delar av denne vekkinga, særleg fleire stader i Nord-Kina. På Kinamisjonsforbundet sitt felt fekk misjonærane vere med og gjere eit stort og viktig arbeid i vegleiartenesta. Der forsamlingsleiarane var lite mogne, i friforsamlingar utan misjonærar, eller på stader der misjonærane av ulike grunnar hadde tapt sin åndelege integritet og autoritet, skjedde ofte utglidingar.

Dei mest aktuelle sidespora i vekkinga i Hubei og Henan galdt tendensen til å sette ein fastsett "ordo salutis" (saliggjørelsens orden), som det einskilde menneske måtte gjennom på omvendingsvegen før ein var skikkeleg frelst. Den sterke vektlegginga på vedkjennung av synd for menneske, kunne stundom skugge for bekjennelse av synd for Gud. Og då stod ein i fare for å knytte frelsa til syndsvedkjennings i staden for til Kristus og hans fullførte frelesesverk. Også syndfridomslæra låg på lur, likeeins lære om eternal security, eingong frelst - alltid frelst.

Vekkingsrørla gjekk over heile Nord- og Sentral-Kina. I sør var vekkinga meir sporadisk. Ikkje minst i dei lutherske kyrkjene fekk ho ein djup og sunn verknad, og resulterte i ei gjennomgripande fornying av livet i forsamlingane. Mange nye vart lagt til forsamlingane. I åra 1933-35 blei det døypt 1200 personar i den kyrkja Kinamisjonsforbundet hadde vore med og bygd opp. I 1941 var talet på døypte kome opp i cirka 3600 menneske.

Marie Monsen reiste altså heim til Norge i 1932. Til då var ikkje dei synlege resultata så store. Attåt Liu var forstandarane Han og Li Süen-dji og nokre av misjonærane i særleg grad berarar av vekkinga. Men etter kvart som vekkinga breiddet seg til utstasjonane, preikeplassane, til skular og kurs, vart så å seie alle arbeidarane, både kinasarar og utlendingar, med i vegleiingstenesta.

*

I boka om Asbjørn Aavik av Arne Prøis som eg har referert til tidlegare, nemner Aavik noko om vekkinga i Kina på 1930-talet i perspektiv. Her seier Aavik:

Det er så underlig nå etterpå å se vekkelsen i dens videre perspektiv. Vi som opplevde denne rike åndelige tid i Kina, visste ikke noe om Kinas framtid på det politiske plan. Men Herren kjente den. Han visste om en kommende formann Maos periode med kommunismen ved kanten – ca 40 år med stengte kirker og kristne ledere enten henrettet eller fengslet. Det var da den "levende" og åndelig fornyende menighet gikk "under jorden" for å overleve. Dagmøter ble nattsamlinger i skiftende skjulesteder.

Ved kysten mot Kinahavet brukte mange menigheter å ro eller seile langt ut fra land når været tillot det en søndag morgen. Langt utenfor hørevidde la man årene inn og firte seilet. Her ute på havet ble båtlasten et helt sangkor. I kjellerrom eller andre skjulesteder våget ingen å synge. Slik var kjellermøtene "stille" samlinger. Det var "ører" alle steder, og myndighetene var på vakt. Slik overvintret den virkelig bundne kirke i Kina i kriseårene.

Den dype og sterke åndelige fornyelse som hadde funnet sted ved vekkelsen under Marie Monsen, bar menigheten og kristne hjem i båt- og kjellerforsamlinger gjennom 20–30 år. Ved en ny tid etter at Mao døde og det ble løsnet på båndene, kom disse kristne opp fra kjellerrom og ut av "søndagsbåter" for å fylle de kirkene som ble gitt tilbake til menighetene.

Barn fra kristne hjem som hadde fulgt foreldre eller besteforeldre under jorden, blitt døpt og undervist der, steg nå fram som voksne ledere i gjenåpnede kirker. Gleden over å være tilbake i Guds hus "over jorden" slo ut i sterke jublende samlinger i overfylte kirker. Det virket særlig sterkt når slike forsamlinger reiste seg og med løftede hender takket for at "kjellertiden" var over.

Personlig stod jeg flere ganger i slike forsamlinger i Shanghai, og jeg glemmer det aldri. Trengselstiden hadde modnet Jesu etterfølgere. Ånden fra vekkelsen var så eiendommelig gjenkjennelig.

Så vidt eg kjenner til, er namnet Marie Monsen – Mongmosje – kjært for mange kristne i Kina den dag i dag. Og det er visstnok ikkje så få som reknar seg som hennar åndelege arvtakarar. Det er truleg mest i dei uregistrerte husforsamlingane ho er best kjent. Mange vil nok trekke linene frå vekkinga ved Marie Monsen og andre på 1930-talet og fram til dei vekkingane og den store voksteren som har vore både mellom dei registrerte og uregistrerte i dei siste dei 25 åra. Voksteren i Kinas kyrkje har vore kolossal i desse åra. Nøkterne kjennarar av Kina reknar med at det må vere mellom 50 og 70 millionar kristne i Kina i dag. Og det blir gjerne sagt at kyrkja i Kina er den kyrkje i verda som har hatt størst vokster i dei seinare åra.

Litt om kristendomsforståinga til Marie Monsen

Marie Monsen var vekkingsleiar og forkynnar. Nokon ”lærefar” kan ho ikkje kallast. Det er likevel tydeleg at ho i ulike spørsmål hadde sine overtydingar og sine arbeidsmetodar. Og Asbjørn Aavik la aldri skjul på at han var påverka av Marie Monsen. Til Arne Prøis sa Aavik:

Faste, bønn, løfter og åndsopplevelser med Herren både i det store, åpenbare og skjulte format er delkomponenter i dette merkverdige liv. Hun var av Herren lovet både å stå på et åndens Nebo og Tabor og se inn i Løftets land, og lik Paulus har hun hørt usigelige ord som det ikke er tillatt å tale, ja, til og med ”tornen i kjødet” bar hun i årevis i form av et mareritt av migrrene, helt til den vekkelse Herren hadde lovet henne. Men veien dit var både tårerik or tornefull, rik på tele og likegyldighet av dem som vakt skulle være. Og alt dette følte hun sterkt på i sitt eget liv.

Samanliknar ein innhaldet i fleire av Marie Monsen sine bøker med innhaldet i fleire av Aavik sine bøker, vil ein sjå at dei ofte legg vekt på dei same komponentar i trua. Ein kan berre nemne emne som bot (omvending), fornying av truslivet, å fylgje etter Kristus, forsaking, uthaldande bøn, Andens gjerning, helging og vokster i kristenlivet.

Marie Monsen må ha vore uthaldande i bøna. Historikaren dr.philos Olav Golf som har skrive ein biografi om Marie Monsen, kjem også inn på dette i boka si og skriv fylgjande:

I flere år hadde Marie Monsen daglig levd i lengsel etter åndelig fornyelse og i intens bønn om vekkelse over Kina. Og med tiden, og særlig etter det hun opplevde som sin åndsdåp, ble hun forvisset om at vekkelsen ville komme, og at hun selv skulle få delta i den. Etter denne visjonen ble forventningene store. Det ble fra da av en ”målbevisst bønn” om at Herre selv måtte utruste henne for oppgaven. Hun forteller også om ”et intenst studium av alt som i Bibelen er sagt om Den Hellige Ånd”.

”Det ble stadig lest opp igjen. Til slutt repeterte jeg det i søvne, og kunne våkne av at jeg gjorde det. En ørkenvandrer fant ut at det var en oase som måtte finnes. Fra Bibelen hadde jeg funnet ut at det var en opplevelse som kunne sted- og tidfestes, og gjentas.”

Det ble en tid med tvil og håp, bønn og faste. Fra lesningen om den første misjonstid i Apostlenes gjerninger hentet hun inspirasjon. Hun forteller også at hun hadde studert beretninger om vekkelser på andre misjonsmarkar, et studium som hadde vært til ”uendelig personlig hjelp”. Slik forberedte hun seg mentalt i ventetiden. Og vekkelsen som hun speidet etter, kom 25 år etter at hun første gang satte sin fot på

Kinas jord. Da vekkelsen endelig kom, så hun det som svar på bønn (Sitat frå Olav Golf).

Marie Monsen var ein karismatisk kristen som var sterkt opptatt av Den Heilage Ande og Andens gjerning i livet til ein kristen. Men i spørsmålet om vanndåpen og Andens dåp kom ho fram til overtydingar som avveik frå barnelærdomen eller tradisjonell luthersk lære.

Marie Monsen sjølv meiner ho vart åndsdøypt 25. januar 1918. Ho skriv til Johannes Brandtzæg at "Den 25. januar 1918 kunne jeg i troens fulle forvissning kreve min rett i Kristus Jesus: Åndens dåp. Kjente meg bønnhørt." Og vidare skriv ho om denne opplevinga: "For meg kjentes det som alt jeg står eller sitter på, beveger seg – være det seg gulv, stein eller jord. Jeg kan ikke skrive ordentlig som du ser, for hendene mine skjelver." Ho la så brevet vekk nokre veker før ho held fram og skriv då mellom anna at ho to gonger "lysvåken vandret i mitt overkledte legeme. Det var herlig å vandre omkring i værelset mitt uten å berøre gulvet, aldeles fridd fra tyngdeloven og dertil i den herligste harmoni mellom sjel og legeme. Det er deilig å vite det nu, at jeg skal være beredt til Jesus kommer."

Det gjekk nesten 16 månader før Johannes Brandtzæg svarte på dette brevet. Han var tydelegvis i villreie om kva han skulle svare. Svaret som omsider kom, er temmeleg skarpt samstundes som ein merkar det er ein røynd sjælesørgar som skriv:

Saken er ganske enkelt den at dine erfaringer er fremmed for meg – ikke så at de er fremmede etter beskrivelsen. For så vidt kjenner jeg dem vel omtrent så godt som en kan kjenne det som en ikke har opplevd. Beskrivelser kjenner jeg fra folk som fremdeles mener å leve i dette, og fra folk som har opplevd det meget intenst, og dog siden har tatt avstand fra det, fordi, ja fordi de ikke kunne i lengden opprettholde den mening at det var noe særlig åndelig – tvert imot. Jeg skal ikke videre uttale meg om det. Jeg vet så noenlunde hva det kan sies både for og imot, så hva diskusjonen om tingene angår, så kan jeg vel alltid så noenlunde greie det. Men det er jo nytteløst å innlate seg videre på det. Spørsmålet blir så likevel ikke avgjort etter diskusjon. Hva deg angår, så er jeg takknemlig for de gode ting du sikkert har fått gjennom dette. Mer har jeg ikke å si om det. Min bønn er at nådens Gud vil være med deg og lyse for deg hvor du går.

Olav Golf skriv at Marie Monsen både før og etter åndsdåpen var mykje opptatt av det overnaturlege og uforklarlege så som tungetale og lækjedom ved bøn. Han dokumenterer også at ho i bibeltimar deler dei kristne i to grupper, dei med og dei utan åndsdåp. Dette er ein lerdom som skil seg frå luthersk lære. Når eit menneske vert fødd på nytt får dette menneske også Den Heilage Ande som frelsesgåve og er dermed også døypt i og med Den Heilage Ande. I luthersk lære talar ein ikkje om ein spesiell åndsdåp skild frå vanndåpen og etterfødinga. Det er tydeleg at Marie Monsen har sine tankar og opplevingar om åndsdåpen frå heilt andre kjelder enn barnelærdomen. Ei anna sak er om heilt ut skjøna konsekvensane av denne teologien.

I 1935 let Marie Monsen seg døype på nytt som me seier, eller vart døypt med truandes dåp, som ein baptist vil seie. Då var ho for lengst heimkommen frå Kina, og denne vanndåpen skjedde truleg i Den frie evangeliske forsamling i Bergen. Asbjørn Aavik fortel til Arne Prøis at ho ein gong gav uttrykk for at tregga på at ho hadde latt seg døype om att.

Sjølv om Asbjørn Aavik frå sitt første møte med Marie Monsen hadde stor vørtnad for henne, og i fleire spørsmål var samd med henne, så delte han ikkje hennar syn på åndsdåpen og vanndåpen. Men elles la Aavik, som Marie Monsen gjorde, både i tale og skriftlege framstillingar stor vekt på Bibelens undervisning om Den Heilage Ande. Kven kan gløyme hans ransakande framstilling av ulike tema om Andens gjerning og utrustning i boka *Åndens*

Tempel. Eg las henne i unge år og kan ennå hugse kor sterkt inntrykk innhaldet gjorde på meg.

*

Kva Marie Monsen fekk å seie for Asbjørn Aavik, har han sjølv sagt til Arne Prøis:

Mitt livs uten sammenligning største opplevelse med uanede langtidsvirkninger er mitt møte med og delvis samarbeid med Marie Monsen i Kina og en mer perifer kontakt med henne i Norge. Et møte med henne var et møte med det unike, med et menneske av ånd.

Ein annan stad seier han:

Intet i mitt liv overgår vekkelsen ved Marie Monsen.